



Deloitte AS

Dato: 20.02.2014  
Vår ref.: 2014/10533-7  
Dykkar ref.:

## **Vedtak i sak PS 7/14 - Forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular - Forslag til justert prosjektplan**

Vedlagt følgjer vedtak i sak PS 7/14 frå møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 17.2.14.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.02.2014**

### **Handsaming i møtet**

Line Margrethe Johansen frå Deloitte presenterte den korrigerede prosjektplanen for forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Den justerte prosjektplanen vart vedteken slik den ligg føre.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet bestiller utviding av forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til justert prosjektplan.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i den justerte prosjektplanen, inkludert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i fylkestinget.
3. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av mai 2014 ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.